

Barne- og familiedepartementet (BFD)
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

Vår ref:
21/00958-2

Saksbehandlar:
Elin Saga Kjørholt

Dato:
26. november 2021

Høyringsfråsegn frå Barneombudet - forslag til endringar i barnevernlova og forskrift om politiattest etter barnevernlova (politiattest for personar tilknytt Bufetat som er i kontakt med mindreårige mv.)

Barneombudet har gjennom mange år vært opptatt av at politiattest er eit nyttig verkemiddel i arbeidet mot vald og overgrep mot barn. Vi ser positivt på at det nå kjem på plass varige løysningar som sikrar at personar tilknytt Bufetat, og som er i kontakt med barn og unge, må leggje frem politiattest. Vi kan ikkje sjå at forslaga vil medføre nokre særskilte utfordringar.

Departementet skriv i høyringsnotatet at det er eit pågåande arbeid med å sikre politiattest på andre områder etter at fristen på høyringa av saka gjekk ut i 2019. Vi vil påpeke at denne saka nå har vore til behandling i lang tid. Det er eit viktig arbeid å få på plass lovhjemlar på område som i dag ikkje er dekket. Til dømes har tilsette hos Barneombudet som har direkte kontakt med sårbare barn og unge, ikkje krav om å leggje fram politiattest. Dette meiner vi er uheldig. Vi ønsker at vårt kontor så snart som mogleg kan få den ekstra sikkerheita det gir å kunne krevja politiattest av våre tilsette som har direkte kontakt med barn og unge.

Med venleg helsing

Camilla Kayed
fagsjef

Elin Saga Kjørholt
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.